



ÅRSRAPPORT 2025

ORGANISASJON

Administrasjonen

Organisasjonen har 2 årsverk.

Dagleg leiar Kari-Anne Landro
Kommunikasjonsansvarleg Anders Ekanger

Styret

Det vart gjennomført seks styremøte i 2025.

Styreleiar

Arild Bøthun, Sartor & Drange

Styremedlemmar

Øyvind Langedal, Lancon
Monica Gudmundsen, ACOS
Einar Drægebø, Harris
Hanne Misje Lokøy, CCB
Alvhild Tofterå Berge, Sparebank 1 Sør-Norge
Tony Rong, RS Bygg & Rehabilitering



Varamedlemmar

Silvia Høines, Panorama Hotell & Resort
Ole Morten Svellingen, Solidenergy

Samarbeidspartnarar



Strategiske målsettingar



RELEVANT

Attraktiv og oppdatert medlemsorganisasjon

Medlemstalet er stabilt med over 350 medlemsbedrifter. Det er ein miks av små, mellomstore og store bedrifter, fordelt på ei rekke bransjar. Nokre av medlemmane har i tillegg ulike nivå av samarbeidsavtalar. Dette talet er også stabilt gjennom 2025, med om lag 25 slike avtalar på tre ulike nivå.

Relevante møteplassar er viktig for å utvikle gode relasjonar, nettverk og samarbeid. Det er gjennom 2025 invitert til varierte møteplassar for fagleg påfyll og nettverksbygging. Totalt har vi samla kring 1300 personar i løpet av året.

Januartreff

Kva ventar i 2025?

- Framleis tøffe tider i byggebransjen?
- Slik går det i næringslivet elles
- Endeleg hotell på Straume
- Ny næringssjef i Øygarden kommune



Marstreff

Menneske og maskiner

- Korleis robotar gir vekst i bedriftene på Osterøy
- Kva nye robotar gjer for lokale bedrifter
- Frå baby-boomers til generasjon alfa
- Meiningsfull arbeidsveke



Maitreff

Fagleg påfyll med fiskesuppe hos Sotra Gruppen

- Kva betyr det i praksis å satse på lokal arbeidskraft?
- Kva har verdsøkonomi og tollbarrierar å seie for lokale bedrifter?
- Krasjkurs i alvorlege hendingar



Augusttreff

Pangstart på ein aktiv haust

- Kva moglegheiter kan forsvarssatsinga gje?
- Siste nytt innan cybersikkerheit
- Kva svarar bedriftene om korleis det går i næringslivet?
- Plast i havet



Reiselivsmøte

Avspark for reiselivssesongen. I samarbeid med Visit Bergen

Dialogmøte

Fiskeriministeren på besøk. Bedriftsbesøk og dialogmøte med bransjen

Kunstig intelligens

Minikurs: Bygg din eigen KI-agent. I samarbeid med Avo Consulting.

One Ocean Week

Korleis få vekst i havbruksnæringa? I samarbeid med NCE Seafood, Nordhordland Næringslag og Øygarden kommune

One Ocean Week

Sjømatnæringa si framtid – grip moglegheitene. I samarbeid med PwC m.fl.

Øygarmot

Frukostseminar med bedriftsbesøk hos Øyvar. Om berekraft, plast i havet og smarte anskaffingar

Arealplan

Møte med næringslivet om arbeidet med arealdelen til kommuneplanen. I samarbeid med Øygarden kommune

Kino

Eit innblikk i verdspolitikk, krig og fred. Filmframsyning på ODEON Kino Sotra.

HR-frukost

Frukostmøte om arbeidsavtalar og styringsrett. I samarbeid med Harris og Sartor Holding.

Plastryddeksjon

Ryddeksjon i regi av ressursgruppa Øygarmot. I samarbeid med Framtidshavet

Energimessa

Full fart med nytenkande barn og unge, som viser fram ideane sine. I samarbeid med Sartor Storsenter, Øygarden kommune og Sotra vidaregåande skule

Frå fjære til framtid

Finansmarknad, KI, geopolitiske utfordringar og teknologiutvikling i sjømatnæringa. I samarbeid med Liegruppen.

Krafttak mot Kreft

Ringedugnad til næringslivet. Innsamling av pengar til livsviktig kreftforskning. I samarbeid med Kreftforeningen og Sartor Storsenter.

Fagleg påfyll

Globale kriser og lokale konsekvensar. Perspektiv frå leiaren av næringslivets sikkerheitsråd. I samarbeid med Sotra og Øygarden Forsvarsforening.

Samfunnskraft

Eit leiarprogram på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor. I samarbeid med Øygarden kommune.



Ressursgruppe Øygarmot

Anita Vindenes, Sotra Gruppen
Tanja Svellingen, CCB
Elisabeth Vethe, TechnipFMC
Vesna Delic, CCB Subsea
Anders Ekanger, Vest Næringsråd



Gode krefter frå medlemsbedriftene løftar tema som er relevante for mange i nettverket.

Ressursgruppa har arrangert eit frukostseminar og

ein plastyddeakssjon i 2025. Gruppa har i tillegg drøfta aktuelle saker og nye møtepunkt.

Gruppa har også bidratt til kommunen si klima- og energiundersøking. Øygarmot vil halde fram arbeidet med å legge til rette for gode møteplassar med berekraft og miljø på agendaen.

Annan medlemskontakt

Medlemskontakt i ulike former gjennom besøk, telefonar, e-postar og møte er avgjerande for forståinga av saker som er viktig for næringslivet. Nyheitsbrev, nettsida og kanalane våre i sosiale media er nyttige verktøy for medlemskontakt.

I 2025 har vi bytta medlemssystem med tilhøyrande nettside. Det gjev oss endå betre moglegheiter for medlemskontakt. Det gjev også nye løysingar for å gjere medlemmar synlege for kvarandre gjennom medlemstilbod og annonsering av arrangement som medlemmane sjølv arrangerer.

I 2025 er det:

Publisert **23** artiklar på nettsidene

Over **100** innlegg i sosiale media

Utsending av **54** nyheitsbrev



INSTAGRAM: 1300 FØLGARAR



FACEBOOK: 4000 FØLGARAR



LINKEDIN: 2000 FØLGARAR

KOMPETANSE

Pådrivar for riktig kompetanse i næringslivet

Gjennom 2025 har undersøkingar bekrefta at rett kompetanse og nok arbeidskraft, framleis er noko av det viktigaste medlemsbedriftene treng for å oppretthalde konkurransekraft og sikre utvikling.

Ressursgruppe skule og næringsliv

Ressursgruppe skule og næringsliv har gjennomført fire møte i 2025. Grappa har fokus på saker som gjeld næringslivet sine behov for rett kompetanse og nok arbeidskraft.

Nokre av sakene grappa har jobba med i 2025:

- Gitt innspel til Vest Næringsråd si høyringsuttale til Vestland fylkeskommune sitt planprogram for verdiskaping og kompetanse.
- Etablert prosjektet «Arbeidsveke med mening» som vart lansert av skulesjef Rune Golf og dagleg leiar Kari-Anne Landro på marstreffet.
- Besøkt Sund ungdomsskule sitt «klasserom i felt». Det er etablert i samarbeid med Telavåg fiskemottak på deira område i Austefjorden og gjev moglegheit for alternative skuleaktivitetar nær sjø og tett på næringslivet.
- Besøk frå Nordhordland Næringslag for meir informasjon om prosjektet «Læring i næring».
- YSK-modell til Sotra vidaregåande skule og framdrift ny vidaregåande skule
- Robotteknologi



Planprogram
Regional plan
verdiskaping og kompetanse

Aktivitetar

Vest Næringsråd var i 2025 deltakar i ei rekke aktivitetar som pådrivar for riktig kompetanse til næringslivet:

- ✓ Medarrangør for Energimessa for skuleelevar
- ✓ Tilretteleggjar for at skuleelvar deltar på Øygardskonferansen og andre arrangement
- ✓ Tilretteleggjar for at ferske fagarbeidarar deltar på Øygardskonferansen
- ✓ Innlegg om Energimessa på Nasjonal konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring på NTNU i Trondheim, saman med Øygarden kommune og Sotra vidaregåande skule
- ✓ Besøk til yrkesmessa
- ✓ Deltaking på stormøte i Kompetanseforum Vestland
- ✓ Støtte til skuleprosjekt
- ✓ Skulebesøk
- ✓ Deltakar på opninga av Nasjonalt kompetansesenter for robotteknologi på Osterøy
- ✓ Tilrettelegging for at skuleleiarane i Øygarden deltok på marstreffet
- ✓ Promotering av sommarjobbkampanjen i Vestland, blant anna med lesarinnlegg i Vestnytt saman med NHO Vestland
- ✓ Deltaking på Gantic Expo
- ✓ Deltaking på opning av Live2Learn sin prøvestasjon



RAMMEVILKÅR

Stemme mot offentlege myndigheiter

Det er mange rammevilkår som påverkar næringslivet. Stabile og langsiktige rammevilkår tronar øvst når vi spør medlemmane våre kva som er viktig for deira konkurransekraft og utvikling. Vest Næringsråd engasjerer seg difor i aktuelle saker gjennom ulike møtepunkt med offentlege mynde og politikarar, deltaking i debattar, lesarinnlegg, høyringar med meir.

I valkampen inn mot Stortingsvalet hadde vi besøk av fleire politikarar frå ulike parti, kor viktige saker for næringslivet vart løfta fram. Vi var også med hos fleire av medlemsbedriftene som fekk besøk av politikarar i denne perioden.



Ressursgruppe utvikling

I ressursgruppe utvikling har prosessen som gjeld kommuneplanen sin arealdel (KPA) vore hovudtema siste året. Ressursgruppa har gjennomført fire møter i 2025.

Representantar frå næringslivet:

Arild Bøthun, Sartor & Drange
Astrid Aag, Sartor Holding
Roy-Eddy Lie, Liegruppen
Jan-Dagfinn Lund, CCB

Vibeke Frøyseth, Harris
Øyvind Blom, Blom Fiskeoppdrett
Kari-Anne Landro, Vest Næringsråd

Ressursgruppa vert utvida med medlemmar frå kommunen ved behov:

Marianne Furheim, nærings sjef Øygarden kommune
Silje Haukedal, kommunalsjef for samfunnsutvikling Øygarden kommune
Andre ved behov

Nokre av sakene gruppa har jobba med i 2025:

- Døme frå bedrifter om korleis dei jobbar med utviklingsplanar og langsiktige strategiar
- Informasjon frå Øygarden kommune om deira arbeid med KPA
- Innspel til korleis næringslivet kan involverast i arbeidet
- Arbeid med konkrete innspel til planprogrammet

Næringsalliansen

Vest Næringsråd er medlem av Næringsalliansen, som er sammensatt av 17 næringsforeninger i fylket. Her vert det mellom anna etablert felles medlemsundersøkingar, skriven felles høyringsuttalar og lesarinnlegg m.m. I 2025 har alliansen gjennomført fire møte, og det har vore lagt vekt på å styrke samarbeidet på tvers av regionen.

Nokre av sakene i 2025:

- Møte med Vestlandsbenken på Stortinget
- Kompetansekartlegging
- Saker knytt til infrastruktur og kraftbehov



Næringsforeningene i Norge

Vest Næringsråd er også medlem i *Næringsforeningene i Norge*. Det er ein paraplyorganisasjon for ca. 175 næringsforeningar i landet. Det er ei sterk, felles stemme når det gjeld næringspolitikk og rammevilkår. Ved for eksempel høyingar på Stortinget, så er det nasjonale organisasjonar som får koma på høyringar. På den måten kan ein stå samla om standpunkt som er viktige for oss alle og legge press på desse nasjonalt.



Hele landet

I styret i Næringsforeningene i Norge er alle landsdeler representert. Arbeidsutvalget, som består av næringspolitiske ledere i foreningene, er saksforberedende til styret.

UTVIKLING

Bidragstytar for berekraftig vekst og verdiskaping

Øygardskonferansen

Øygardskonferansen er Vest Næringsråd sitt største arrangement gjennom året. Målsetjinga er å løfte opp og fram tema og saker som gjeld vidare utvikling av samfunns- og næringsliv.

Øygardskonferansen 2025 vart arrangert under overskrifta DILEMMA. Den rekordstore deltakinga bekreftar at dette er blitt ein attraktiv møteplass. Vi set stor pris på at vi har gode sponsorar og støttespelarar i Øygarden kommune, Agenda Vestlandet og Equinor.



Partnerskapsavtale

Den strategiske partnerskapsavtalen med Øygarden kommune legg grunnlag for mange ulike aktivitetar. Dette bygger opp under felles målsetjingar, blant anna å synleggjera regionen og næringslivet sine fortrinn. Det er nærings sjefen som er kontaktpunktet vårt for den praktiske oppfølginga av avtalen.

Øygarden kommune har etablert ein samarbeidsarena. I Framtidssamfunnet er målsetjinga at offentlege, private og frivillige aktørar i Øygarden jobbar saman på ein ny måte, for å finna løysingar på ulike samfunnsutfordringar. I 2025 har Vest Næringsråd vore representert i sekretariatet, prosjektjuryen og den overordna Framtidskomiteen.

Vest Næringsrådet har, som i 2024, også deltatt i styringsgruppa for arbeidet som Visit Bergen gjennomfører på vegne av kommunen, med å sertifisere Øygarden som berekraftig reisemål.

Mange av grensesnitta og felles aktivitetar er omtalt elles i årsrapporten, blant anna i oversikta over relevante møteplassar og arbeidet i ressursgruppene.

Gründerskap og nyetablering

Noreg treng gode idear og menneske som skapar nye arbeidsplassar. Rammevilkår for gründerskap og etablering er difor viktig.

Det er mange aktørar som jobbar saman for tilrettelegging for gründerar og nyetablerarar. Også i 2025 har Øygarden kommune, Liegruppen og Vest Næringsråd samarbeida om drifta av Gründerparken Vest.

Det har vidare vore dialog med ei rekke gründerarar som har tatt kontakt, både knytt til behov for kontorareal eller møteplassar, men også generell rådgjeving. I samband med dette er Etablerarsenteret ein viktig samarbeidspartnar. I tillegg er det fleire av medlemsbedriftene som deler kompetanse knytt til gründerskap og etablering.

I samråd med kommunen og basert på behov frå gründerane har aktiviteten i 2025 blir vridd mot fleire arrangement og møteplassar for gründerane.

Etablerardagen 2025

Informasjon om ulike tilbod for gründerar, både offentlege, men også frå private aktørar. Folkefinansiering. Krasjkurs i digital marknadsføring.

Gründerkafé

Deltakarane frå Etablerardagen vart inviterte til uformell nettverksbygging rundt bordet.

Drop-in dag

Booking av 1-til-1-samtalar med rådgjevarar frå Etablerarsenteret, samt at vi og andre ressursar frå Vest Næringsråd var tilgjengeleg for råd og samtalar. Minglelunsj med utveksling og deling av erfaringar.

OPP i Øygarden

Pitchekurs for gründerar. Ressursar frå Høgskulen på Vestlandet (HVL Skape) gjennomførte kurset. Minglelunsj med rådgjeving og utveksling av erfaringar.

Evaluering og dialog mellom Vest Næringsråd og Øygarden kommune har dermed leia fram til endring av drifta av Gründerparken Vest.

Den nye modellen gjeld frå 2026 og består av programmet ØyStart som inneheld eit årshjul med faste arrangement og møteplassar for gründerar. I tillegg er det gjort tilgjengeleg eit areal med tre drop-in-plassar for gründerar i eit kontorlandskap, inkludert møtebord og videokonferanseutstyr. Øygarden kommune er oppdragsgjever og finansierer løysinga, medan Vest Næringsråd skal vera driftsansvarleg.

Stormfondet

Gjennom det langvarige samarbeidet mellom Vest Næringsråd og Sparebanken Norge får vi støtte gode, lokale idear gjennom Stormfondet. I 2025 var det desse som fekk støtte:

- Poplar fekk tildelt promoteringsfilm
- Klubbmodellen fekk tildelt kr. 100 000,- og promoteringsfilm
- StoneX fekk tildelt kr. 400 000,- og promoteringsfilm



UTDELINGAR

Årets bedrift og årets fyrtårn

Årets bedrift

I samarbeid med Nordea deler Vest Næringsråd ut prisen. Prisen har lange tradisjonar i Vest Næringsråd og juryen skal gjera ei heilskapleg vurdering, kor ei rekke faktorar ligg til grunn.

Sekkingstad er årets bedrift i 2025!

Bedrifta vart etablert for over 100 år sidan og dreiv då med fiskebåtar, samt handel med hummar og vill-laks. Bedrifta utvikla seg gjennom åra og på 60-talet var dei med på pionerarbeid, då dei satsa på oppdrett av regnboge aure og seinare laks. Seinare vart det prosessering og handel med laks som vart hovudsatsinga. Dei har i dag ambisjon om å vera i front på verdsbasis og levere den mest berekraftige laksen i marknaden. Dei har satsa på nyskaping og teknologiutvikling. I 2024 hadde dei rekordomsetning. For ein berekraftig matproduksjon skal vi alle ete meir av det som kjem frå havet. Årets bedrift er ein viktig, lokal bidragsytar til dette.



Årets fyrtårn

I samarbeid med Sparebank 1 Sør-Norge deler Vest Næringsråd ut prisen. Formålet med prisen er å heidre ein person som anten gjennom bedrift eller organisasjon har hatt spesiell positiv betydning for regionen.

Renate Blindheim, trenar Sotra Sportsklubb er årets fyrtårn i 2025!

Eit fyrtårn viser veg og i overført betydning blir det bruk om leiarskap eller personar som er eit forbilde. Denne beskrivinga passar godt til vinnaren av årets fyrtårn. Vinnaren har vist veg med stødig leiarskap i en bransje med sterk resultatbasert kultur. Tillitsbygging, relasjonsleiing, taktikk og kommunikasjon er nokre av stikkorda i leiarskapet til vinnaren. Vinnaren er leiar i ein bransje kor det er mange sterke meiningar, men som også bygger stoltheit i lokalsamfunnet. Det er mange overføringsverdiar mellom leiarskap i idrett og næringsliv. Vinnaren har hatt suksess med å bygge eit vinnarlag og er den første kvinneleg hovudtrenaren i norsk herrefotball.



ØKONOMI

Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2025 er lagt ved årsrapporten. Styret meiner den gjev eit rettvissande bilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Alle føresetnaer er oppfylt for framleis drift av organisasjonen. Årsrekneskapen er sett opp under denne føresetnaden.

Vest Næringsråd har ei verksemd som ikkje påverkar ytre miljø på ein slik måte at det er laga ei eiga miljørapportering.

Straume 12. mars 2026

Arild Bøthun
Styreleiar

Einar Drægebø
Styremedlem

Hanne Misje Lokøy
Styremedlem

Øyvind A. Langedal
Styremedlem

Monica Gudmundsen
Styremedlem

Alvhild Tofterå Berge
Styremedlem

Tony Rong
Styremedlem

Kari-Anne Landro
Dagleg leiar